

Årsrapport for 2014

Skatteoppkrevjaren i Bømlo kommune

Innhald

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd.....	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret.....	3
1.1.1 Ressursar.....	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	3
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret.....	3
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret.....	4
1.4 Skatteutval.....	4
2. Skatterekneskapen	4
2.1 Avlegging av skatterekneskapen.....	4
2.2 Margin.....	4
2.2.1 Margin for inntektsåret 2013	4
2.2.2 Margin for inntektsåret 2014	4
2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga.....	4
3. Innkrevjing av krav	5
3.1 Restanseutvikling.....	5
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav	5
3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar	5
3.1.3 Restansar eldre år.....	5
3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år	6
3.2 Innkrevjinga si effektivitet.....	6
3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014	6
3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat.....	6
3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve	6
3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga	7
3.3 Særnamskompetanse.....	7
4. Arbeidsgjevarkontroll.....	7
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	7
4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar.....	7
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen	7
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen	7
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar	8
4.6 Gjennomførde informasjonstiltak.....	8

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	2	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,2	10 %
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,85	43 %
Arbeidsgjevarkontroll	0,7	35 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	0,1	5 %
Skatteutval	0,02	1 %
Administrasjon	0,13	6 %
(Andel fordelt skal være 100%)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren har to årsverk fordelt på to stillingar. Også i 2014 har det vore fråvere pga langvarig sjukefråvere. Frå november 2014 har vi fått tilført 20% stilling – ein dag pr veke.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Bømlo kommune har ca 11 700 innbyggjarar og er ein kommune i vekst. Etter langvarig fråvere både i 2013 og 2014 har vi fått erfare at med kun to stillingar blir det ein sårbar situasjon ved kontoret. Vurdering av vikar må avvegast mot opplæring for ein avgrensa periode.

Vi har deltatt på aktuelle kurs hos Skatt vest i 2014, ma. innføring av a-ordninga frå 2015.

1.2 Internkontroll

Vi har oppdatert rutinebeskrivelsen for Intern kontroll. Kontrollen blir utført ved dagleg oppfølging av arbeidslista, kontroll ved periodisk oppgjør og kontroll av utvalde rapportar kvart kvartal. Kontrollskjema utarbeidd.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Total skatteinngang for 2014 er 1 422 608 812 mot 1 330 598 493 for 2013; ein auke på 92010319 som er 6,47% frå 2013.

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Fordelinga til kommunen er 283 646 497 for 2014 mot 273 979 457 for 2013; ein auke på 9 667 040 som er 3,41 auke frå 2013.

1.4 Skatteutval

Det er sendt ein søknad for behandling i skatteutvalet i 2014, denne er ikkje ferdigbehandla.

2. Skatterekneskapen

2.1 Avlegging av skatterekneskapen

Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Bømlo kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2014 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er motteke / ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføring, rapporteringa og avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollering.

Årsrekneskapen for 2014 følger som vedlegg til årsrapporten og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2013

Innestående margin for inntektsåret 2013, pr. 31.10.2014	kr 10 085 793
For mykje avsett margin for inntektsåret 2013	kr 10 085 807

Marginprosent

Prosentmarginavsetning: 10 %. Gyldig frå: Alle år

2.2.2 Margin for inntektsåret 2014

Marginavsetning for inntektsåret 2014, pr. 31.12. 2014	kr 86 278 113
Gjeldande prosentmarginavsetning:	10 % .

2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga

Kommunen sin del av overskytande margin: 2 924 884.

Inga endring av marginprosenten er vurdert.

3. Innkrevjing av krav

3.1 Restanseutvikling

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2014	Herav berostilt restanse 31.12.2014	Restanse 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart						
Arbeidsgjevaravgift	1 006 861	0	1 010 377	0	-3 516	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forseinkingsrenter	1 715 137	1 135	1 844 710	1 135	-129 573	0
Forskotsskatt	31 945	0	608 593	0	-576 648	0
Forskotsskatt person	4 907 119	0	5 374 250	0	-467 131	0
Forskotstrekk	997 422	0	883 663	0	113 759	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	230 000	655	210 273	655	19 727	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	3 891 856	0	1 204 139	0	2 687 717	0
Restskatt person	8 321 068	130 754	7 847 245	130 754	473 823	0
Sum restanse diverse krav	21 101 408	132 544	18 983 250	132 544	2 118 158	
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	21 101 408	132 544	18 983 250	132 544	2 118 158	

3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Restskatt upersonlege skattyttarar har ein auke i restanse på 2 687 717. Det meste av dette vil bli betalt første halvår 2015.

For restskatt person 2013 – kr 29 304 705 er 89,45% innbetalt, og aktiv restanse er 3 090 443 fordelt på 98 skattyttarar.

3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debit)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2012	1 582 672	774 124
2011	1 003 714	336 145
2010	1 113 483	359 635
2009 – 1990	8 104 512	

3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Kommentar til restansar for eldre år:

Forelda krav pr. 31.12.2014: 2

Samla beløp på forelda krav pr. 31.12.2014: 13 571

Gjeld konkursbu som ikkje er avslutta.

Kommentar til restanseoppfølging for eldre år:

Det er vanskeleg å innfordre for eldre år. Restansane fordelar seg på få skattytarar der innfordring ikkje har vore muleg. I tillegg kjem dei som verken har vilje eller evne til å gjere opp for seg. Ein del eldre restansar gjeld skjønslkning. Berostilte krav gjeld i det vesentlege mindre krav der skattytar har ukjent adresse slik at vi ikkje finn dei.

3.2 Innkrevjinga si effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014

Skatte-/avgiftsart	Krav	Res.	Diff.	Merknad
Restskatt pers. sy 2012	98,0%	97,3%	-0,7%	
Forskotstrekk 2013	100%	100,0%	0,0%	
Forskotsskatt pers sy 2013	99,0%	99,2%	0,2%	
Forskotsskatt upers sy 2013	99,8%	99,9%	0,1%	
Restskatt upers sy 2012	99,0%	99,7%	0,7%	
Arbeidsgjevaravgift 2013	99,8%	100,0%	0,2%	
Innfordra Restskatt pers 2012	82,0%	65,4%	-16,6%	Kravet satt for høgt då forutsetningane for kva som inngår i innfordra restskatt er endra frå 2011 til 2012.
Sum av krav til innfordring				

Oversikten viser at innfordringa er god, og målet framover er å halde det gode resultatet.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Utførte aktivitetar	2014	2013
Betalingsavtale	5	3
Telefoninkasso	138	114
Utleggstrekk	68	38
Utleggsforretning	50	37
Konkurs	0	0
Tvangssal	0	0

3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve

Skatteoppkrevjaren fremja ingen eigne konkursar i 2014, men Skatt vest fekk fullmakt til å opptre som prosessfullmektig i tre konkurssaker tatt under tingretten si behandling som konkursbu.

3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Innfordringa har gode resultat og vi har som mål å ha halde nivået. Tidsfaktoren er viktig og vi har fokus på å kome snart i gang med innfordringa. Telefoninkasso er eit effektivt innfordrings-tiltak som vi nyttar i stor grad.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren har særnamskompetanse og nytta denne ved alle gjennomførte utleggsforretningar i 2014.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Bømlo er med 9 Hordaland Kommunale Regnskapskontroll (HKR). I 2014 hadde HKR ansvaret for gjennomføring av kontrollane. Utplukk til kontrollane blei gjort hos oss. I tillegg blei det gjennomført tre kontrollar av eigen kontrollør.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2014: 21

Som utgjør: 5 % av totalt tal LTO hos arbeidsgjevarane i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2014: 21

Som utgjør: 5 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i 2013: 21.

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Avdekkinga ved kontrollane i 2014 gav endringsforslag på 702 875 i inntektsgrunnlag og endringsforslag for arbeidsgjevaravgift 713 560. Fleire fekk pålegg om eigenretting og endring av rutinar m.o.t. dokumentasjon av utgiftsgodtgjersle, rett bruk av skattetrekkkonto mm.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Dei siste fire åra har vi klart kravet om 5% arbeidsgjevarkontroll. I 2014 er 14 kontrollar avdekkingskontrollar og sju formalkontrollar. Formalkontrollane er personallistekontrollar som skulle utførast frå 2014 for utvalde bransjer. Talet på arbeidsgjevarar er 421.

Kontorkontrollen er viktig, og blir fulgt godt opp gjennom heile året. Vi har aktivt gått inn for at dei fleste arbeidsgjevarane skal nytte Altinn ved levering av oppgåver. Dette har gitt godt resultat og dei manuelle oppgåvene er sterkt redusert.

Samarbeidet med arbeidsgjevarar og rekneskapskontor i kommunen er godt.


4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Det vert utarbeidd kontrollplan for kvart kvartal. Desse blir sendt Skatt vest med tilbakemelding for våre utplukk.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Det vert gjeve rettleiing og informasjon i kontakt med arbeidsgjevarane. Skatteoppkrevjaren formidlar og informasjon frå skatteetaten og kemnaren i Bergen.

Bremnes, 20. januar 2015


Skatteoppkrevjar

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2014.